

**Fredag 21.mars får vi besøk i kyrkja av den norske gospelkvartetten foCusQuartet. Tidlegare var det ein trio, kjent som «Br.Nordstrand» som har reist over heile landet med songen sin og delteke på gospelfestivaler i inn- og utland. M.a. har dei delteke på den årlege og tradisjonsrike songfestivalen "National Quartet Convention" i Louisville , USA.**

Repertoaret er variert, frå gode gamle bedehussongar, til songar dei har henta og oversett frå amerikansk sørstats-gospel. Ein songstil som etter kvart er godt kjent også i Norge, m.a. på grunn av Bill Gaither sin "Homecoming" produksjon. Den klåre evangeliske budskapet, framført i ei variert tonedrakt og ein lett folkeleg uttrykksmåte, er eit varemerke for dei 4, som har tre CD-innspelingar bak seg.

Dei to siste innspelingane vart gjort i Nashville, saman med lokale musikarar og Ben Speer som produsent. Han har ii ei årrekke vore musikalsk ansvarleg for Bill Gaither sin Homecoming-produksjon, noko også desse inspelningane er prega av. Det er fengande kvartettsong, kledd i eit organisk lydbilete med Nashville-musikarar av ypperste klasse, heiter det i ei pressemelding.

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen og arrangør